

vel kunne vera. Det er difor god grunn til å drøfta korleis den var formulert, og korleis den vart oppfatta av andre interessaerte makter.

Før evakueringa frå Tromsø vart det ført drøftingar om å utvida regjeringsgrunnlaget ved å utnevna nye statsråder. Desse drøftingane kunne knapt vera nødvendige dersom det var tanken å gå til kapitulasjon. Som nye statsrådar vart det tvert imot valde slike som alt hadde sin plass i allierte land, nemleg Arne Sunde og Anders Fjelstad. Sunde i London, sysselsett med administrasjonen av den norske handelsflåten som nå vart dirigert frå London og gjekk i alliert teneste, og var samla under regjeringskontroll i den nye organisasjonen Nortraship. Fjelstad var norsk landbruksattaché i Paris. I telegram av 4. juni vart dei oppmøda om å gå inn i regjeringa. Formelt vedtak om å søkja dei utnevnt vart gjort dagen etter, 5. juni. Dette åleine er i og for seg opplysande nok.

Samstundes var tanken om å prøva å få i stand ein fredslutting eksplisitt avvist. Innan den norske 6. divisjon vart det nemleg skrive ei henstilling som konkluderte med at regjeringa burde innleia forhandlingar om stillstand

*Befreier ikke Norge
men fortalier
Hun ikke sett Norge
i stand for "montralen"*

og fram
tske hær
ja burde
er annan
egjeringa
forplikta
difor ein
isteren i
il å for
å godta
ie ikkje
skarane

haude a tilby den 9. april, og dette kunne ikkje i noko tilfelle godtakast.¹⁰

Det skulle altså vera heilt innlysande at regjeringa på

dette tidspunkt også utover gjorde det klart at regjerings-setet ville bli flytta til alliert territorium. Men det skjedde sjølvsagt berre overfor den aller nærmaste krins av personar som kunne innviast i samanhengen.

Var det så gjort klårt at statsmaktene også tenkte å føra motstanden vidare utanfor landegrensene?

Regjeringa gjorde greie for sin politikk i ein proklamasjon, i samsvar med vedtak i det siste statsråd på norsk grunn i 1940, den 7. juni. Proklamasjonen er utvetydig på dette punktet:

«...

Forsvarets overkommando har derfor rådet Kongen og regjeringen til foreløpig å oppgi kampen innenlands. Og Kongen og regjeringen har funnet det som sin plikt å følge dette råd. De flytter derfor nå ut av landet.

Men de oppgir derfor ikke kampen for å gjenvinne Norges selvstendighet. Tvert i mot, de vil holde fram med den utenfor landets grenser.»

Det same klåre språk føgte general Ruge i den kunnigjeringa han samstundes sendte ut i eigenskap av kommanderande general og forsvarssjef: «... Det første avsnitt i vår strid for friheten er forbi... men kriga fortsetter på andre fronter. Norge er med i striden der... Vi som har stått sammen i striden har lovet hverandre at vi ikke skal gi oss før vi etter kan heise vårt frie norske flagg som fri kvinner og menn. Dette løfte vil bli holdt, kanskje ikke av meg som må regne med heretter å være i erobrerens makt. Men de som fortsetter striden utenfor Norge og dere som er unge, vil innfri løftet når dagen kommer...»

Dei offiserane som knytte sambandet til den militære motstandsrørsla på okkupert område seinare (til dømes Helseit og Rognes) la stor vekt på å føra samanhengen direkte attende til Ruge, til oppropet og til den talen han heldt til dei demobiliserte soldatane 10.6.1940, og til det meir direkte oppdraget Ruge gav dei på Grini under fangenskapet etterpå, å «foreta militære vurderinger» i hans fråvær.

*J Proklamasjon med det faktiske
Nordnæringa og sæl: spreden*